

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 02.09.2015
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Statens eierberetning 2014**

ARKIVSAK: 2012/376
STYRESAK: **091/15**

STYREMØTE: **21.09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Statens eierberetning 2014» til orientering.

Oppsummering

Nærings- og fiskeridepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2014". Dokumentet gir ein oversikt over staten sitt direkte eigarskap og omtalar mellom anna selskapa si utvikling og viktige hendingar siste kalenderår.

Fakta

«Statens eierberetning 2014» omfattar to hovuddeler. Første del inneheld oversikt for året som har gått og artiklar knytt til det statlege eigarskapet. I andre del blir det gjort greie for dei ulike selskapa.

Selskapa er delt inn i fire kategoriar ut frå staten sitt mål med eigarskapet:

1. Selskap med forretningsmessige mål
2. Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av hovudkontorfunksjonar
3. Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
4. Selskap med sektorpolitiske mål

Dei regionale helseføretaka er omtala på side 115 – 119.

Kommentarar

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på veksten i aktivitet, reduksjon i ventetid og at stadig fleire pasientar får time samtidig med at dei blir tilvist til sjukehuset. Det er vidare vist til at føretaksgruppa har arbeidd målretta med å få på plass ein felles pasientjournaldatabase og utviklinga av Vestlandspasienten.no.

Helse Vest sitt arbeid med samfunnsansvar og miljø- og klimaarbeid er trekt fram. Det same gjeld den positive økonomiske utviklinga.

«Statens eierberetning for 2014» og tidlegare utgåver av dokumentet er tilgjengeleg på internett; www.eierberetningen.no.